

Grunneigarar/naboar
Offentlege instansar/andre

Jfr. vedlagd adresseliste

Deres ref.:

Vår ref.:
2018155-03/emk

Florø
10.12.2018

Varsel om oppstart av planarbeid for Stavang, gbnr 98/2 mfl, bustad/fritidsbustad/næring, Flora kommune

I samsvar med Plan- og bygningslova, plandelen § 12-8, vert det varsla om oppstart av planarbeid etter § 12-3 – privat forslag til detaljregulering. Aktuelt planområde er gbnr 98/2 mfl, og hovedformålet med planarbeidet er tilrettelegging for utvikling av Stavang sentrum med bustad, fritidsbustad næring, samt utvikling av båthamna. Tiltakshavar for planarbeidet Anders Haave.

Det totale planområdet vil utgjere om lag 40 daa og er vist i vedlegg 3. I kommunedelplanen for Stavang 2004-2016 er området avsett til nåverande og framtidig sentrumsområdet på land, samt noko areal til nåverande bustadbebyggelse og fritidsbebyggelse. Arealet i sjø er avsett til nåverande og framtidig båthamn. Planlagt tiltak samsvarer i hovudsak med overordna plan. Det er ingen reguleringsplan for området. Planområdet utgjere per i dag det sentrale sentrum i Stavang og i høve kommuneplanen går det fram at området skal utviklast på ein slik måte at det på sikt kan utvikle seg til ein «tettstad». Planlagt tiltak tek føre seg ei vidareutvikling av det sentrale sentrumsområdet i Stavang med tilrettelegging for utbygging av bustad, fritidsbustad og butikk, samt tiltak som utleige, turisme, næring, fellesbruk (grende-/kulturhus, bygg med fleirbruk osv) og liknande, då for å auke aktiviteten i Stavang sitt sentrale sentrum. Det vil og gjerast ei vurdering kring etablering av omsorgsbustadar ved eksisterande butikk. I sjø vil det tilretteleggast for ei vidareutvikling av båthamn.

Det vart halde oppstartsmøte med planavdelinga i Flora kommune den 26.09.2018, der kommune tilrår oppstart av plan. Tema som er ønska særskild utgreia er miljøfaglege tilhøve, forureining i sjø, VA-løysing, trafikktryggleik, vegstandar/vegkategori, universell utforming, funksjonshemma og eldre, born og unge sine interesser, samfunnstryggleik og beredskap, klimatiske forhold og energiløysingar, landskap, estetikk og byggeskikk, stadutvikling, strandsone/sjø og naturfare.

Utgreiingsbehov:

Formålet med reguleringsplanen er i hovudsak i samsvar med gjeldande kommuneplan. Planlagt reguleringsplan vil ikkje legge til rette for tiltak innanfor vedlegg I i KU-forskrifta. Planarbeidet vert difor vurdert til ikkje å falle inn under §6 i forskrift om konsekvensutgreiing. Sentrumsområdet i Stavang er eit viktig samlepunkt og ein viktig møteplass for omkringliggande området/grender. Då Stavang har status som ei mindre bygd, er planen vurdert å ikkje verte berørt av Vedlegg II, b) «Utviklingsprosjekter for by- og tettstedsområder, inkludert kjøpesenter og parkeringsanlegg.», då med bakgrunn i Stavang sentrum sin dimensjon. Planen er difor vurdert å ikkje vil ha vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. KU-forskrifta §§ 8 og 10. Med dette som grunnlag er det vurdert slik at det ikkje vil vere naudsynt med planprogram og konsekvensutgreiing knytt til planarbeidet.

iVest Consult si vurdering samsvarar såleis med kommunen si vurdering, der det går fram av oppstartsmøte at planen ikkje vil utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Informasjonsmøte:

Partar i plansaka vert med dette invitert til informasjonsmøte i Stavang Bygdelag sitt lokale, tysdag den 08.01.2019 kl. 18.00. Møtet er i regi av Anders Haave og iVest Consult as.

Medverknad:

Partar i plansaka vert vidare invitert til å kome med innspel til planarbeidet.

Kunngjering og høyringsfrist:

Planarbeidet vert kunngjort i Firdaposten den 12.12.2018, på Flora kommune sine nettsider www.flora.kommune.no og iVest Consult as sine nettsider www.ivistconsult.no.

Innspel og merknader til varsel om oppstart og planomtale ved planoppstart, skal rettast til:

iVest Consult as Adr.: Strandgata 15, 6905 FLORØ
Epost: post@ivistconsult.no

Høyringsfrist vert sett til 18.01 2019

Spørsmål kan rettast til underteikna.

Med vennleg helsing
for iVest Consult as



Jane Berg Solheim
Landskaps- og arealplanleggar,
Tlf. 957 41 102
Epost: jbs@ivistconsult.no



Eirin Marie Kleiven
Arealplanleggar
Tlf: 960 18 986
Epost: emk@ivistconsult.no

Vedlegg:

1. Adresseliste
2. Oversiktskart og utsnitt kommuneplan
3. Aktuelt planområdet

Kopi m/vedlegg:

Anders Haave